



Alver kommune  
Linn Hagen  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14880 - 20/74128

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
19.11.2020

## Løyve til mellombels trafikksikringstiltak - gbnr 213/1, 2, 6 og 59 Eikanger nedre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1252/20  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Alver kommune  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for trafikksikringstiltak på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 24.01.2019 og 09.06.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.**
- 3. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå Vestland fylkeskommune datert 17.09.2020 og Alver kommune 04.09.2020.**

### Tiltak

Søknaden omfattar rammeløyve for tilrettelegging av trafikksikringstiltak på areal avsett til tenesteyting (BOP) i gjelande arealdel i ein tidsperiode på intill 10 år. Det er gjeve dispensasjon for tiltaket i vedtak 1245/20 datert 18.11.2020.

Føremålet med tiltaket er å få eit ryddigare køyremønster nærmast skulen. Det skal etablerast avsleppingsone (vendesløyfe) parkering og fortau blir bygget på gbnr 213/1, 213/2 og 213/6. Vidare vert det etablert ein av-/påstigningsone på

eksisterande parkeringsplass ved skulen. Det vert etablert ein einvegskøyrt vendesløyfe med dråpe, droppsone og tilhøyrande fortau. HC-parkering og rampe til fortau. Det vert etablert ein ny og større parkeringsplass med 15 plassar med eiga innkøyring, samt fortau.

Søklar har ved utforming av løysninga lagt vekt på at ein vil unngå rygging og farlege situasjonar med kjøretøy i området.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.08.2020.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett då han var motteken. Fristen for sakshandsaming er 25.12.2020 som inkluderar høyring til regionale mynde for dispensasjonsvedtaket.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som tenesteyting (BOP). I gjeldande kommunedelplan står det fylgjande:

*«Føremålet gjeld byggeområde for offentleg eller privat tenesteyting som til dømes barnehage, skule, institusjon, kyrkje/anna trusutøving eller administrasjon.»*

Vidare er området omfatta av sone for bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova (H710) i påvente av kommunedelplan «Prosjekt: E39 Flatøy – Eikefettunellen».

### **Dispensasjon**

Det var naudsynt med dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Dette vart handsame i vedtak 1245/20 datert 18.11.2020.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er innhenta uttale frå regionale mynde. Desse kjem fram i vedtak 1245/20 datert 18.11.2020.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 24.01.2019 og 09.06.2020.

I søknaden er det opplyst at kommunen eig gbnr 213/6 og leige av eigar av gbnr 213/1 og 213/2. Det er vidare opplyst at det er inngått avtale med grunneigarane om leige av naudsynt areal. Bygningsmyndigheitene legg dette til grunn ved handsaming av tiltaket.

Alver kommune har i vedtak 04.09.2020 gjeve løyve til dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg. Vestland Fylkeskommune har i vedtak datert 17.09.2020 gjeve dispensasjon frå avstand til Mykingvegen (fv. 5464) i vedtak datert 17.09.2020.

### **Tilkomst, avkøyrslø og parkering**

Alver kommune har i vedtak 04.09.2020 gjeve løyve til mellombels avkøyrslø for parkeringsplass.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen syner ein oversikt over kvar planlagt parkering skal finne stad.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Det er lagt til grunn at teknisk forskrift ikkje omfattar denne type tiltak. Søkjar har heller ikkje kommentert forholdet.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Tiltaket har fått dispensasjon i vedtak 1245/20 datert 18.11.2020.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Privatrettslege tilhøve**

I søknaden er det opplyst at kommunen eig gbnr 213/6 og leige av eigar av gbnr 213/1 og 213/2. Det er vidare opplyst at det er inngått avtale med grunneigarane om leige av naudsynt areal. Bygningsmyndigheitene legg dette til grunn ved handsaming av tiltaket.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/14880**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Teikningar

**Mottakarar:**

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG